

Oppsummering ordførarmøte 16. juni 2015.

Tilstades: Hans Petter Thorbjørnsen, Solfrid Borge, Anved Johan Tveit, Ingebjørg Winjum

Innbyggjarhøyring.

Alle fire herada ynskjer å ha ei innbyggjarundersøking i månadsskiftet september/oktober.

Denne kan bestillast no.

Ei eventuell folkerøysting må vedtakast av det nye heradsstyret.

Felles folkevaldopplæring.

Når dei nye heradsstyra er konstituerte etter valet, ynskjer me å ha folkevaldopplæring felles for dei fire heradsstyra, dato 3. – 4. november. Samlinga bør vera frå lunsj til lunsj. Ulvik herad innhentar prisar.

Innhald: opplegg frå KS? Me må ha ei økt med basiskunnskap, litt om kraftinntekter i høve til kommunereforma, o.a. Må koma attende til innhaldet.

Arbeid med intensjonsplanen.

I komm.prop er det føreslått at tannlegetenesta kan leggjast til kommunane. Det må difor vera eit mål å byggja opp ei tannlegeteneste i den nye kommunen.

Drøfta aktuelle tiltak som bør stå under «Investeringsprosjekt som må følgjast opp...» i planen.

Drøfta kommunenamn.

Sidan Ullensvang deltek i to administrative utgreiingar og der er andre utfordringar enn i dei tre andre herada, finn me det rett å tenkja to alternativ heretter - eitt med og eitt utan Ullensvang.

Neste ordførarmøte: 21. september kl 14.00 i Ulvik.